

**Fra:** Anne-Kjersti Stavø Stenehjem [Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no]

**Til:** Astrid Lernes [Astrid.Lernes@sfj.no]

**Kopi:** Erlend Haugen Herstad [Erlend.Haugen.Herstad@sfj.no]

**Sendt:** 19.04.2018 09:10:24

**Emne:** Sak 18/1276 - innspel frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne til økonomiplan 2019 - 2022

**Vedlegg:**

Hei!

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok fyljande i møte 18. april, til økonomiplan 2019 – 2022:

- *For vidaregåande opplæring bør ein unngå segregerte tilbod, slik at alle vert inkludert. Ivareta og legge til rette for alle i vidaregåande opplæring, slik at det vert ei inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Vi meiner at retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.*
- *I folkehelsearbeidet bør det vere eit tilbod for alle.*
- *Prioritere ungdom, barn og opplæring, slik at kostnadskutt ikkje rammar desse gruppene.*
- *Når det vert tildelt midlar frå fylkeskommunen bør det så langs som råd leggjast til rette for at kulturarrangementa skal vere tilrettelagte for menneske med nedsett funksjonsevne.*
- *Fylkeskommunen må strekke seg langt for at universell utforming er gjennomført slik at kollektive transportordningar, busshaldeplassar og kaier, faktisk og i praksis, er tilgjengelege for menneske med nedsett funksjonsevne.*
- *Det er viktig at fylkeskommunen i prosessen med byggeprosjekt og andre investeringar, tek i vare universell utforming.*
- *Når prosjekt i økonomiplanen for 2019-2022 skal realiserast, er det viktig å sikre brukarmedverknad i prosjekta.*

For utfyllande informasjon kan leiar for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Erlend Haugen Herstad, kontaktast.

Med helsing

Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

seniorrådgjevar, fylkesrådmannen - stab

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no](mailto:Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no)

sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 95725658

